



## Retningslinjer for tildeling av kulturpris i Stryn kommune

### Formål

Stryn kommune kan kvart år dele ut ein kulturpris. Føremålet med prisen er å stimulere lokalt kulturarbeid, samt at prisen skal vere ein heider og takk til ein person, organisasjon/lag som gjer eller har gjort ein stor innsats for kulturarbeidet i Stryn kommune på fritida.

Kulturprisen kan gjevast til personar, lag og organisasjonar

- som er busett i Stryn kommune eller har ei nær tilknytning til kommunen
- som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege
- som har talent, viser kreativitet og evne til kulturell nyskaping

Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere ein inspirasjon til vidare kulturarbeid, kulturell utvikling og nyskaping.

### Framlegg til kandidat og handsaming

- Alle framlegg til kandidat skal vere skriftlege og ha ei grunngjeving
- Ein kan få kulturprisen ein gang
- Skule- og kulturutvalet avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den. Tildelinga krev samrøystes vedtak
- Tildelinga skal vere konfidensiell til utdelinga
- Utdeling skjer i samband med kommunestyret sin julemiddag i desember. Grunngjevinga frå skule- og kulturutvalet og tildeling vert gjort av leiar i skule- og kulturutvalet.
- Kulturprisen er ein skulptur i bronse av kunstnaren Jøran Flo, samt eit diplom.

**Frist for grunngjeve innspel til kandidatar er 1.oktober**